

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 07.06.22 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl. 17.30.

Desse møtte:

Hallvard Bjørneset

Anne Ellingsen

Henriette Hafsaas

Jon Helge Bjørndal

Ove Myklebust

Jan Henning Egset møtte i eigenskap av å vere leiar i rep.skapen.

Dagleg leiar Petter Bjørndal førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet. Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med sakene 25 til og med 33-22. Før møtet vart sett, var styret på synfaring på Melsgjerdet 3.

### Sakliste:

#### **Sak 25-22. Dagleg leiar sin rapport.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om innsamla og mottekne mengder, bygderydding 2022, Slam, covid, kommunikasjon, ISO 9001, Off. innkjøp, Kvalitet på papir og glas og metall, Samarbeid RIR, Årim og SSR, Lønsoppgeret 2022, Status Melsgjerdet, Status Biogass,

#### **Sak: 26-22. Resultat 1 tærtial 2022 mot budsjett.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

#### **Sak 27-22 Status Melsgjerdet 3.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar orienteringa til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 28-22. Innkjøpskonsekvensar av nasjonal merkeordning av behaldarar.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret vedtek at VØR i framtida kjøper behaldarar i standard nasjonal svart RAL-farge, og merkar dei ulike behaldartypene med nasjonale emblem.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak nr: 29-22. Strategi- og kommunikasjons-plan 2023-2026.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet godkjenner Strategi- og kommunikasjonsplan 2023-2026, med handlingsplan for perioden.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 30-22 Økonomiplan 2023-26.**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet vedtek slik økonomiplan for perioden 2023 – 2026.

2023:

*Teknisk utstyr*

Kr 3,3 mill. i hjullastar med utstyr for Melsgjerdet 3.

Kr 0,5 mill. i mindre investeringar i drifta som behaldarar, containerar, programvare og liknande.

Kr 5,3 mill. Innføring av plastsortering for dei med avfallsbrønner – bytte av oppsamlingseiningar.

2024:

*Bygg og faste installasjonar*

14,0 mill. kr. i HMS, støy og brannsikring bygg C i Torvmyrane.

10,0 mill. kr i oppsamling av brannvatn, etablering av ny oljeavskiljar og infiltrasjonsanlegg i Torvmyrane.

*Teknisk utstyr*

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

Kr 4,0 mill. Innføring av kjeldesortering for fritidshus. ( 10 nye anlegg inkl. nedsetting)

Kr 1,0 mill i rullekomprimatorar for papp og trevirke

2025:

*Bygg og faste installasjonar*

4,7 mill. kr i takoverbygg frå og med hageavfall til og med bygg D i Torvmyrane.

#### *Teknisk utstyr*

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

Kr 3,5 mill. i innkjøp og montering av Rfid. brikker med leseutstyr i bil.

2026:

#### *Bygg og faste installasjonar*

Kr 13 mill kr. i innløyasing av opsjonstomt på Melsgjerdet 3.

#### *Teknisk utstyr*

Kr 1,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare.

2.

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden, vil om det syner seg aktuelt, få sin finansiering 1 eiga sak og eige vedtak i eigarkommunane våre.

3.

Fossilfrie varebilar vert å lease. Fossilfrie lastebilar basert på biogass vert å ta i bruk ved etablering av evnt. biogassanlegg.

#### Handsaminga

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak 31-22 Likviditetsstyring**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret godkjenner at styrets leiar og dagleg leiar får fullmakt til å ta opp likviditetslån i tråd med § 12 i selskapsavtalen.

#### Handsaminga

Samrøystes vedteke i tråd med endring foreslått av styreleiar.

### **Sak 32-22 Referatsaker**

Vedtak ( 5 røysteføre)

Styret tar referatsakene til orientering

#### Handsaminga:

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

MD 18.03.2022: Om organisk avfall framover

Volda Kommune 04.04.2022.Renovasjon fritidshus med svar av 12 april 2022.

Tore Dammerud: Svar på spørsmål om prisregulering utanom kontrakt.

Volda Kommune ved J. Møller 02.05.2022: Referat frå møte vedkomande reperasjon og Gjenbrukssentral.

Kilsfjord Grendalag 03.05.2022.Brev VØR med svar 4 mai 2022.

MD 06.05.2022: Vedtak i klage om tillatelse til handtering av overvatn

Vest Kontroll 10.05.2022: Kurs i eigarstyring og styrearbeid i Volda 19 september.  
Dagleg leiar vert beden om å invitere inn styremedlemene og representantskapsmedlemene til kurs i Volda 19 september.

KLP: Krever bærekraftstrategi ved spørsmål om lån.

### **Sak 33-22. Godkjenning av møtebok.**


Vedtak ( 5 røysteføre)


Styret godkjenner protokoll frå møte 07.06.22 slik den ligg føre.

Handsaminga:


Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 07.06.22

  
Hallvard Bjørneset  
Leiar


  
Jon Helge Bjørndal

  
Ove Myklebust

  
Petter Bjørdal  
referent

  
Anne Ellingsen

Nestleiar

  
Henriette Hafsaas